

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.01.2017

Sigbjørn Framnes (Frp) stilte spørsmål om han var ugild fordi han er dagleg leiar i ei verksemd som har MS Sunnhordland i sin portefølje. Det kan verte aktuelt å søkje på midlane.

Framnes gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var ugild. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok samrøystes at han ikkje var ugild etter forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Sigbjørn Framnes tiltredde saksbehandlinga.

Røysting

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg til kriteria og innretting for ordningane under budsjettposten Stønad etter vedtak slik dei går fram av saka.